


NATURLAB

Ein sti med mange opplevingar for
å ta deg med nærare til naturen





Bakgrunn

Klimakrisa og natur som blir borte gjev grunn til stor uro i tida me lever i. Vi må fokusere på å ta vare på naturen vår. Folk må ha eit forhold til natur for å bry seg om han. Dette prosjektet har som mål å hjelpe til med nettopp det: Å gjera folk nysgjerrige og interesserte i naturen som omgjev dei, gjennom aktivitetar som gjer at dei ser og opplever natur på nye måtar og med større forståing.

Kulturlandskapet er også ein viktig del av landskapet og naturrikdomen på staden. Å lære om kulturlandskapet og korleis det har vakse fram, vil skape forståing for korleis vi har levd og kvar vi kjem frå.

Opplevingar knytt til segner og forteljingar frå staden er ein måte å koma i kontakt med det usynlege landskapet: Det vi ikkje ser, men som er eit viktig lag i heilskapen og stadidentiteten.



Om staden:

Dette er eit spennande område der landskapet går frå den menneskeskapte, dyrka, opne flata til dramatiske, mørke og mytiske fjellveggar med nutar og rasvifter. Naturlab skal plasserast her: ved elva og vatnet i overgangen mellom menneskeforma kulturlandskap og dramatisk naturlandskap.

Her kan vi fortelje om og oppleva både uberørt og vill natur og grader av kultivert landskap, med attgroings beitelandskap på Humleneset og fulldyrka mark på Flatdalsøyen, og om skjeringspunktet mellom dei.



Bilda viser Flatdalsøyen frå lufta og to av dei gamle høysela som er tenkt gitt nye funksjonar knytt til Naturlaben



Målsetjing:

Naturlab vil lage ein sti der ulike opplevingar skal ta dei som kjem hit, med ut i, og tett på naturen. Dette vil vi gjera gjennom bruk av arkitektoniske installasjonar og design/formidling med fokus på ulike sider ved naturen og kva han kan gje oss av opplevingar og livsgrunnlag.

For kven:

Naturlab er i hovudsak retta mot born og unge, med fokus på skuleklasser og familiar på tur.

Startpunktet:

Eit av høysela i dyrkingslandskapet på Flatdalsøyen er gjort om til dagsturhytte. Denne skal vera utgangspunktet for stien og base for naturlaben. Stien skal vera ein runde som går gjennom flaumsoneskogen ut til vatnet, med mogleg kryssing over elva og tilbake til dagsturhytta. Mykje forskjellig natur finst langs den korte strekningen, og det er desse kontrastane som skal synleggjerast gjennom seks stoppestader/stasjonar.



Bilda viser høyselet på Nirisøy, som er bygd om til dagsturhytte. Denne er tenkt som utgangspunkt og base for Naturlaben. Bildet under viser 1927-flaumnivå merka av på veggen i selet. Naturkrefter som flaum og ras har alltid utfordra det menneskeskapet i dette landskapet.



Punkta langs stien:

Opplev bustaden til ugla - og kanskje sjå ei ugle?

Lær om fisken som lever i elvestraumen.


Kom nærare segnene og forteljingane knytt til landskapet - gygrene i fjella og Sibyllas spådom om nuten som skal dette ned og legge heile dalen under vatn. Lær meir om ord og dialekt på staden. Gå inn i elva, bli ein del av ho og kjenn straumane i vatnet. Sjå spor etter ville dyr og lær å tyde dei.

Om konseptet:

Preposisjonar fortel kvar vi er i forhold til elementa.

INNI – MOT – IVI – ONDER – GJENNOM – VE
osb (her skrive på dialekt)

Å forandre posisjon kan gjera at vi lærer eller oppdagar noko heilt nytt.



Korleis skal stien brukast?

Stien kan brukast av alle! Sidan dette er ein sti, er han i seg sjølv eit folkehelseiltak: Han kan brukast til å koma seg ut i naturen og i aktivitet. Det som er spesielt med denne stien er at han også gjev innsikt, forståing og kunnskap om naturen han går gjennom. Under nemner vi nokre eksempel på bruksområde/brukarar:

Skule/barnehage

I utgangspunktet ser vi for oss at ei skuleklasse kan bruke stien som uteskule: Ein dag? Ei veke? Kvant stoppunkt kan brukast som klasserom for ulike fag, og kan også tilpassast ulike vanskeleghetsgrad/ utdanningsnivå. Ein kan bruke lang eller kort tid på kvart punkt: Kortfatta info, eller fordjupning i det aktuelle temaet. Dei ulike stopp-punkta vil samanlagt dekke heile læreplanen. Her kan ein ha ein time - eller ein dag - i matte, norsk/språk, kunst- og handverk, samfunnsfag, naturfag, gym, etc.

Lag og foreningar, bedrifter og organisasjonar

Stien kan også brukast til teambuilding og bli-kjent-aktivitet. Dei ulike stopp-punkta kan brukast til å dele opp grupper, vera mål i ein leik, eller til stolpe-jakt eller rebus.


Sportsgrupper og idrettslag vil kunne ha stort utbytte, for eksempel orienteringslag. Her kombinerast fysisk aktivitet med hjernetrim, problemløysing og læring.

Familiar og enkeltpersonar


Både tilreisande (turistar) som ikkje kjenner området, og lokalbefolkning som kan få nye opplevingar ved å ta nye rundar og stoppe opp på andre stader enn sist.



Arkitekturen i kvar stasjon vil fylgje dei ulike preposisjonane, og fungere som ein slags 'kodeknekkar' for dei som følgjer stien. Desse temaa uttrykt gjennom arkitektur i landskap, brukast for å skape opplevingar og erfaringar knytt til natur- og kulturlandskap, lokale segner, forteljingar og dialekt/talemåte.




Vi bevegar oss MOT fjellet. Vi går GIENNOM skogen. Vi er IVI åkeren. Vi symjer ONDER vatn. Vi sit VE varmen (bålet).
Preposisjonane kan bli tema for stopp-punkt eller stasjonar, og vil gje ulike vinklingar og tilnærmingar til eit tema. Dei vil også gjera dei som kjem hit klar over si eiga plassering i omgjevnadane, og korleis dei kan ha eit forhold til dei.





MOT - FJELLET

Stoppestaden ved foten av fjellet vil ha temaet MOT fjellet. Dette punktet kan formidle forteljingar og segner knytt til nettopp dette fjellet - Skorve. Det kan også fortelje om naturkreftene (ras og skred), som er reelle og aktuelle og som også er tilstades som del av segnene.




GJENNOM - SKOGEN

Når du går gjennom skogen, kan du finne spor, sjå etter fuglar og andre dyr, få fuglesongen tett på, sjå opp i trekronene.





ONDER - ÅI

Temaet er ONDER (under) åi (elva). Her kan opplevinga knytast til det å sjå ned i vatnet, finne fisk i ly bak steinar, lære om ei bylgjande elv (meandrerande) og korleis elvesletta i Flatdal har endra seg gjennom hundreåra. dette punktet har også det fysiske elementet med tråkkestein som gjer det mogeleg å krysse elva. Noko som vil





INNI - ROMMET INNI SKOGEN

Ein møteplass i skogen, omgitt av tre. Her er du gøymd og verna.





IVI - ÅKEREN

For å sjå utover den store, grønne flata er det fint å kunne gå opp i eit utsiktspunkt.




VE - VARMEN

Ei skuleklasse på tur treng ein stad å sitje ned under tak og ved eit bål. Ute ved vatnet kan du sita ved bålet og sjå utover vatnet.



KART OVER NATURLAB & STI



All tekst, skisser og kart:
Feste landskap arkitektur
Design: M8

Budsjett og finansiering (førebels)

Bygg/tiltak	Kostnad
Utedo/høysel	425 000
Gapahuk-Ve1	330 000
Planlagte trekonstruksjoner fase 1-ivi, gjennom, inni	495 000
Aktivitetstløype 1-sti naturlab, rydding, skjøtsel, skilting (400 000)	610 000
Aktivitetstløype 2-tråkkestein, skilting (400 000)	720 000
Formidling og medvirkning	720 000
Sum	3 300 000

Finansieringskjelde	Sum	Status
Seljord kommune	700 000	Innvilga
Sparebankst. DNB	500 000	Innvilga
Sparebankst. DNB	320 000	Omsøkt
Miljødirektoratet	300 000	Omsøkt
Stiftelsen UNI	150 000	Omsøkt
Statleg sikring	600 000	Prosess
Spelemidler*	730 000	Prosess
Sum	3 300 000	

**) Pr dags dato er Flatdal Bygdeutviklingslag prosjekteigar. Tilskot frå spelemiddelordninga krev kommunalt eigarskap, og summen kan aukast. I såfall kan finansiering frå Seljord kommune reduserast.*